

Høyring samanslåing av ungdomsskular.

Frå Utdanningsforbundet Masfjorden.

Utdanningsforbundet Masfjorden har 3 klubbar ein på kvar av våre skular.

Klubbane har hatt klubbmøte og styret i Utdanningsforbundet Masfjorden har laget ein samanfatning av innspela frå klubbane.

Vi vil starte med at me synest at kommunen kjem med alt for lite info/ grunnlag / utrekningar i forkant, dette er ikkje godt nok i forkant av ein uttale. Me har likevel prøvd å kome med noko konstruktivt.

Det står også i sakspapira at ungdomane ynskjer dette. Når er dette undersøkt?

Alternativ: Sandnes og Nordbygda utgjer ein ungdomsskule, Matre er 1-10 skule som før.

Positivt:

- Større skolemiljø for elevar.
- Bra for integrering av framandspråklege.
- Større fagmiljø for undervisnings personale.
- Elevane har større sjanse for å finne ein/ fleire venner, finna nokon med same interesse.
- Håp om at det kan verte fleire valfag/tilval.

Negativt:

- Kan føre til fråflytting/ mindre tilflytting til krinsen som misser ungdomssteget.
- Dette kan i neste omgang føre til mindre skatteinngang, og eit av satsingsområda til kommunen er å auka folketalet.
- Enkelte elevar får særslig lang reiseveg.
- I eit saksdokument må alle elevane takast med i utrekningar.
- Det vil bli stor ulikskapar med tanke på tid til fritid/vere med på aktivitetar utanom skuletid.
- Bruspørsmålet som ikkje er klart. Utdanningsforbundet er skeptisk til å slå saman Sandnes og Nordbygda skular så lenge brua ikkje er på plass.

- Minst en skulekrins misser ungdomsseget. Det kan påvirke lokalmiljøet, aktivitetar etter skulen, kulturskulen m.m.
- Barneskulen som vert utan ungdomsskule er svært sårbar. Den vil misse personale, fagmiljø og sosialt miljø for dei tilsette. Ungdomsskuleelevar er føredøme for dei yngre elevane.

Alternativ 2 : Alle 3 skular til ein ungdomsskule.

- Utdanningsforbundet Masfjorden meiner at dette alternativet er uaktuelt.
- Det vert for lang reise frå store delar av indre Masfjorden.

Alternativ 3 : Sandnes / Nordbygda og Matre/ Brekke

- Sjå alt som er skrive under alternativ 1 om Sandnes/ Nordbygda.
- Når det gjeld samanslåing mellom Brekke/ Nordbygda er dette litt i det blå, men om det vert aktuelt er Matre eit godt alternativ med tilgang til svømmehall og idrettsbane.